

---

**Fra:** Bøyum Tone <tone.boyum@vegvesen.no>  
**Sendt:** torsdag 3. mai 2018 11:50  
**Til:** Silje Aileen Hjortland Haukedal  
**Emne:** SV: Brattaule

Ja, det er riktig forstått. Vi anser avkøyrsla i tilstrekkeleg stand i høve til den bruk som er der i dag. Vi kan ikkje trekke tilbake eit løyve, men det er også eigar sin plikt å halde den i forsvarleg stand. Vi hadde mellom anna eit punkt om sikt, og den vart utbetra etter vi skreiv vår uttale.

Når det vert søkt om endra eller utvida bruk må vi vurdere avkøyrslforholdet på ny. Vi har då høve til å sette nye krav tilpassa dagens krav og situasjon. Det var i lys av dette vi skreiv uttale. Vi har ikkje skrive eit førehandstilsegn i denne saka (etter veglova), men ein uttale til ein søknad etter plan- og bygningslova om det er pårekeleg å får løyve til utvida bruk.

Med helsing  
Tone Bøyum

**Seksjon:** Plan- og forvaltningsseksjon Bergen  
**Postadresse:** Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 LEIKANGER  
**Kontoradresse:** Nygårdsgaten 112, BERGEN  
**Telefon:** +47 55516792 **e-post/Skype:** [tone.boyum@vegvesen.no](mailto:tone.boyum@vegvesen.no)  
[www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) **e-post:** [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?

---

**Fra:** Silje Aileen Hjortland Haukedal [<mailto:silje.haukedal@radoy.kommune.no>]  
**Sendt:** 3. mai 2018 10:47  
**Til:** Bøyum Tone <[tone.boyum@vegvesen.no](mailto:tone.boyum@vegvesen.no)>  
**Emne:** SV: Brattaule

Hei igjen og takk for tilbakemelding.

Kommunen skreiv følgjande i vårt dispensasjonsvedtak i saka:

«Det ligg føre ein godkjenning av avkjørsle frå Statens vegvesen i brev av 16.05.08. Løyve til avkjørsle gjeld bustad og selskapslokale. Samstundes ligg det føre ein førehandsuttale frå Statens vegvesen av 11.11.16 som gjeld bruksendring til tre bueiningar. Statens vegvesen har i denne uttala lagt til grunn at avkjørsle ikkje stettar dagens krav, og heller ikkje er i samsvar med krav i løyve frå 2008. Søknad om bruksendring er ein ny sak som krev nytt vedtak frå Statens vegvesen etter gjeldande lovverk. Godkjenninga frå 2008 kan difor ikkje leggjast til grunn i saka og heller ikkje førehandstilsagnet av 11.11.16 som gjeld ein anna bruk (tre bueininga).»

Forstår eg deg riktig at du seie at krava i vedtaket frå 2008 er oppfylt sjølv om dykk har gjeve uttrykk for at dei ikkje er det i uttalen frå 2016?

Med helsing

Silje Haukedal  
Seniorrådgjevar tilsyn / Jurist

### Radøy kommune

Radøyvegen 1690, 5936 Manger  
Tlf.dir: 56 34 90 82  
E-post: [silje.haukedal@radoy.kommune.no](mailto:silje.haukedal@radoy.kommune.no)



---

**Fra:** Bøyum Tone [<mailto:tone.boyum@vegvesen.no>]  
**Sendt:** torsdag 3. mai 2018 10:21  
**Til:** Silje Aileen Hjortland Haukedal  
**Emne:** Brattaule

Hei!

Vedlagt finn du *Løyve til å nytte avkøyrsløse frå offentleg veg (2008)* til Brattaule gård. Løyvet gjaldt ein bustad og eit selskapslokale. Det er poengtert at brukar / eigar til ein kvar tid må halde avkøyrsla i samsvar med dei krav som er satt som vilkår. Vi kan til vanleg ikkje inndra eit løyve som er gitt, med mindre det gjeld svært alvorlege forhold.

Vi har dei seinare åra fått fleire søknader frå eigar om nye tiltak, mellom anna omsorgsbustader i løa og partytelt for inntil 100 personar ute.

Når det vert søkt om utvida eller endra bruk har vi høve til å vurdere avkøyrsløseforholda på nytt. Vi har i samband med dette kome med ein uttale kva som kan vere aktuelt å krevje av utbetringar (vedlagt) dersom kommunen gjev løyve til nye tiltak. Etter vi var på synfaring i 2016 vart vegetasjon i siktsone fjerna slik at siktforholda vart tilfredstillande.

Så vidt vi er kjent med er det i dag ikkje søkt om nye tiltak ut over det løyvet vi gav i 2008, slik at Brattaule har i dag eit lovleg løyve.

Med helsing  
Tone Bøyum

**Seksjon:** Plan- og forvaltningsseksjon Bergen  
**Postadresse:** Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 LEIKANGER  
**Kontoradresse:** Nygårdsgaten 112, BERGEN  
**Telefon:** +47 55516792 **e-post/Skype:** [tone.boyum@vegvesen.no](mailto:tone.boyum@vegvesen.no)  
[www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) **e-post:** [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?

